

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Skaare.

Emne: Skav.

Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Steinsnes, Skaare. Gard:

(adresse): Haraldsgata 151, Haugesund. G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Etter samraading med far, bonde Johan Steinsnes, Skaare,
fødd 17/3 1869.

SVAR

1. ~~Ja~~ Nei.
2. Nei. Ordi skav, beit og brom er ukjende.
3. Skava, sjeve, skov, skove.
4. Nei. Ikkje det me kjenner til. Det er ikkje skog i Skaare. Berre paa Halseid er det litt bjørkeskog.
- 5.
6. Nei.
7. Tor~~k~~ell Mauland sa det saaleis daa far gjekk paa amtskulen for han vinteren 1885-86: "Raun føder, alm jøder, hegg legg marg i legg, selja svelter og vier velter".

H a u g e s u n d , 2. januar 1948.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

I gamle dagar klarte bøndene seg uten krafttôr.

Det var mange måtar å berge husdyra på.

Noko om korleis folk berga seg dei åra det var lite fôr. Les ein avisene nå om dagane eller snakkar ein med gardbrukarar så høyrer ein klagemål yver kor lite fôr ein har i år og det einaste ein har å trøyta seg til er om her vert kraftfôr å få. Men her kjem noko anna med som her også er knapt om, og det er det evindelege valutaspursmålet.

At her vart lite fôr det har nok hendt før også, då der var ingen som tenkte det mogelegt for ein vanleg bonde å kjøpa kraftfôr.

Nei det var andre råder ein laut ty til. Først og fremst var det lyng. Utetter heile hausten medan endå lyngen heldt seg grøn var det mann av husa på lynging. Der det var høve til det slo ein lyngen med ljå og rakte han saman med riva. Der ikkje det gjekk — enten lyngen var for stor eller marka var for steinut, brukte ein sigd, og tok berre dei grønne toppane.

Var det framkomeleg med hest, brukte ein å køyra han heim, andre stader brukte ein båt, men det vissaste var å bera på ryggen.

Var lyngen avdekt (nokonlunde turr) kunde han leggjast i stae som anna høy og kunde då halda seg frisk i lang tid utover.

I eit stort turkeår, eg trur det var i 1898, var der ein mann her i bygdene som om hausten kørde heim yver 20 lass lyng. Då snøen gjekk av om våren, lynga ein også, men då var han mykje ringare og det var verre å finna grønne lyng. Det var nå helst dei som vart fórlause som lynga om våren. Dei sa det dei gamle budeiene at fekk kua lyng til eit mål, så heldt ho seg triveleg og dei fekk fint gult smør.

Ein annan måte å dryge fôret på var mosk, skav kallar ein det også sume stader, og det vart sett på som ein stor herlegheit til ein gard om der var mykje moska-skog. Det var ask og raun og øsp som vart rekna for god moska-skog. Men aller høgst stod alm. Der ein ikkje hadde desse treslaga, skov ein eik og hassel, og det hende også at ein måtte ty til bjørkeskav. I det gamle rimet om mosk heiter det: «Alm er så god som både høy og halm, ask gjerer kua rask, øsp legger smør i øsk, hegg legger merg i legg». Men hassel hadde ringt ord som skav, om den heiter det: «Hatl gjerer kua kratell» (ring i føtene) og eik var endå ringare, for «eik gjerer kua veik», segjer rimet.

Bjørkeris vart mykje brukt, dei kalla det beit, men det var veikt fôr,

sa dei gamle, og kyrne lika det ikkje. Kor mykje god moska-skog var verd er der mange døme på. Ein mann i ei Rogalandsbygd skifte garden mellom dei to sönene sine. For at den eine parten skulle få tre store asker gjorde han ein stor krok på skiftelina. Og reiser ein rundt i fjordane så ser ein endå mange stader dei store hole askestuane som har vore styvde mangfoldige ganger ned gjennom tidene. Ein reknar med å kunne styve moskatrea kvart tiande år. — Det var mykje arbeid med moskinga. Først skulle moska køyrast heim, så laut ho hoggast i høvelege lengder omkring ein meter, og var ho frosen laut ho berast inn i stova og tinast opp. Når så kvelden kom tok skavinga til. Mest i kvar stova såg ein skavstokken bunden fast til sengefot og sengestolpe. Mot den vart skavljåen stødd, han som skov heldt ljåen med høgre handa attåt og drog så kjeppen som skulle skavast mot ljåegga. Det nøydde ikkje om ein tok noko tre med og dei ytterste tynne kvistene gjekk i skavdungen som dei var. Dei kretur som var van med mosk lika det sers godt og eg høyrde mange gamle husmødre fortelja at det aukte i kyrene når dei fekk skav. Det var mange gardar der dei gav eit mål skav og eit mål lyng til dagen.

Der det var høve til det sytte ein for å få nokon tunner med simpel sild om hausten til «brønn» om vinteren. Vårsildgan vart ogs åsett stor pris på.

Mose som nyttast so mykje i fjellbygdene austanfells har ikkje det eg vei vore brukt her på våre kanter, men for at småkretura skulle ha noko å finna ute sjølv om det var snø vart det køyrd heim store dunger av furubar, og sau og geit åt ikkje berre nålene, men togg i seg dei granne kvistene og skov barken av tjukkare greiner.

Som ein ser vart det mykje arbeid av dette, men det var vinteren, så ingenting vart forsømd og så fekk ein mykje og god husved av skjevlane og det likte kvinnfolka godt, for skjevlane brann sjølv om dei var rå.

Nå vilde det vel knapt vera tid å avsjå til sovore arbeid, der er så mangt anna som lyt gjerast, aviser skal lesast og politikkk drøftast, ja kva er det kje alt som folk i vår opprivne og forjaga tid skal måtte gjera. Så lyt utlanda skaffa kraftfôr.

Det var hugnadsamt å sitja i dei gamle bondestovene vinterkveldane, der kvar var opptekne med sitt arbeid. Kona og vaksne kvinner med

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

rokk eller vev og mannfolka med eit eller anna arbeid, om ikke anna enn skaving eller gravning or ein tresko. Der var fred over arbeidet og ingen spurde om det svarte seg. Det som ikkje svarte seg var ingen ting å gjera. Nå til dags skal alt melast i pengeomål og timebetaling.

Jens Børreim J. B.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING